

KONTAKT

KYRKJEBLADET FOR MELAND · NR. 3/24 · 34. ÅRGANG

KYRKJETORGET



S 2-4
**Velkommen inn
på Kyrkjétorget**

Velkommen på Kyrkjetorget!

27.september vert det opningsfest på Kyrkjetorget. Kyrkjetorget er Meland kyrkjelyd sin nye samlingsplass utanom kyrkja på Meland, i det nye bygget med adresse Havnevegen 31, andre etasje på Frekhaug senter. Nokre av aktivitetane er alt i gang, andre kjem i gang for fullt etter opningfesten.

Babysang på Kyrkjetorget

Babysang har allereie starta opp og har samlingar kvar tysdag frå kl. 11.00-12.30 (utanom skuleferiar) Den første halvtimen er det ei songavdeling med fine songar og litt leik som dei minste frydar seg over. Dei vaksne kan ta med inspirasjon til meir song i kvardagen. Etterpå er det sosial tid, eller småbarnstreff, og det er kjekt for både for store og små. Det vert servert kaffi og te og litt å bite i, men det kan også vere lurt å ta med niste.

«Babysangsjefen» Anne Marit Fosse Dahle gler seg til å starte i nye og romslege lokale og håpar mange vil finne vegen. Viss du vil ha oppdatert informasjon fins ei facebookgruppe kalla «Babysang på Kyrkjetorget».

Møteplassen på Kyrkjetorget

Frå 30.september vert det nyopning av Møteplassen, (tidlegare Open Møteplass), dette også på Kyrkjetorget. Møteplassen vert frå då av open kvar måndag og onsdag frå kl. 11.00-13.30. Møteplassen er eit ope og gratis treff for dei som er heime på dagtid. Det er servering av vaflar og kaffi og dei frivillige medarbeidarane har tid til ein prat.

Språkkafe

Kvar måndag kveld er det språkkafe på Kyrkjetorget frå 19.00-21.00. Det er berre å møte fram for den som treng å øve på å bli betre i norsk språk, både nybegynnalar og



Babysang. Foto: Regine Sagstad Berg

litt meir vidarekomne. Men det er også fint om innfødde eller innflytta nordmenn vil kome for å prate med andre på kafeen. Ta gjerne med deg naboen som er innvandrar! Kvelden startar med kaffi og litt kaker og frukt. Etterpå blir det ei innleiing av ein av medarbeidarane. Også blir det samtale rundt borda, gjerne med utgangspunkt i innleiinga eller nokre spørsmålsark.

Felix Vocalis – korsang på Kyrkjetorget

Felix Vocalis har starta opp att tirsdagar kl. 18.30-20.00 og øver annakvar tirsdag kveld i oddetalsveker på Kyrkjetorget. Felix er eit blandakor med vekt på gospel og liknande.

Aldersspennet i koret har vore ca 25-60 år- «Vi gler oss til å ta i bruk dei nye lokalane, og håper at vi også vil sjå nokre nye ansikt når vi starter opp igjen!» seier dirigent Jannicke Wisløff Aasebø.

Haustens mål er julekonserten søndag 15.desember kl.20 i Meland kyrkje

God plass til konfirmantar og mykje meir

Når neste kull konfirmantar kjem i gang i haust får dei eit eige rom til undervisninga. Det er etter lengta for dei som har ansvaret, dei har rigga mykje opp og ned fram til no.

Deigode lokalane har plass til mange slags arrangement, også parallelle arrangement. Frå våren er det tenkt å ha kveldsgudstenester. Vi håpar frivillige krefter har lyst til å prøve ut nye aktivitetar.

Utleige

Lokala vil egne seg godt til selskap, for eksempel til dåps-selskap, konfirmasjon og runde dagar. Det vil kome meir informasjon om dette utover hausten på nettsida til kyrkja.

Opningfest 27.09

Det er full fart for tida for å gjøre klart til å ta i bruk Kyrkjetoget og kyrkjekontoret for fullt. Og 27.09 kl. 1800 vil vi invitere til stor opningfest. Detaljar om denne må vil kome tilbake til, men set av tida! Det vil bli familievenleg og det blir servering.



Språkkafeen har vore eitt år på Nordgardsløa, men vert no på Kyrkjetoget. Foto: Anne Sofie Uthaug

Følg med på informasjonen om Kyrkjetoget på www.kyrkja.no/meland og facebooksida Meland kyrkjelyd.

SKARSVÅG
Rør og Interiør as

Telefon: 56 17 07 10 Telefaks: 56 17 07 11
Besøksadresse og Postadresse:
Melandsvegen 15, 5918 FREKHAUG

Mandag-Fredag 08.00-16.00 Lørdag : STENGT
For avtale etter kl. 16.00 alle hverdager,
ta kontakt på telefon: 56 17 07 10

KIWI mini pris
for alle med sans for lavpris
FREKHAUG SENTER

Åpningstider: Man-lør: 07.00-23.00

REMA 1000
FREKHAUG SENTER
tlf.: 56 17 60 00

Meland Auto AS
Autorisert bilverkstad
www.melandauto.no

M ECA

ALT I CATERING
NORDHORDLAND FOLKEHØGSKULE
www.cateringen.com • tlf. 56 17 43 23

GLØDE
Arbeids- og Kompetansesenter

Vi tilbyr utleige av flotte festlokale og har gode cateringtilbod til dåp, konfirmasjon, jubileum og minnesamvær.
Sjå www.glode.no eller ta kontakt på 56 17 58 00

“En takk til Møteplassen”

John Cleveland, som busette seg i Bjørndalen på Holsnøy etter han vart pensjonist, skreiv takketale til avslutninga på Møteplassen før sommaren. Her er eit utdrag:

En søndag i juni sa presten i Bodø domkirke på TV/radio:

Det som former oss til å bli og være menneske er hvordan vi blir møtt av andre og hvordan vi møter andre.

Her på Møteplassen blir vi møtt av veldig åpne og inkluderende vertskap. God kaffe/te og vafler er fint, men den koselige lune inkluderingen er viktigst.

Denne åpenheten og inkluderingen er smittsom og vi brukere blir påvirket. Det å møte og se andre og ikke minst også bli sett er viktigere enn det en daglig tenker på.

Det å ha denne plassen er kreativt av kirken og takk for det. Vi som møtes her blir mer kjente og det skaper mye fin trivsel og samtaler, men den største takk skal gå til de flotte vertene våre.

John Cleveland



John Cleveland saman med Oddmund Lien og Astrid Anne Fjeldstad på treffet “Møteplassen” på Kyrkjetoget.

Velkjente vikarar

Tekst: Anne Sofie Uthaug

Ei tid framover er vi utan fast tilsett spesialprest, sidan Håkon Kinsarvik har flytta til Gulen for å bli sokneprest der.

Det blir ulike personar som trer inn i arbeidet med gudstenester og gravferder. Rune Minde, no pensjonist, og som fram til 2005 var kyrkjelydsprest i Meland, skal ha ein del tenester i haust. Prost Helge Taranrød vil også kome inn på nokre gudstenester.

Diakonen vår, Ruben Sæle, har fått fullmakt til å gå inn i presteteneste frå biskopen. Han har allereie hatt ei vanleg gudsteneste og skal ha skulegudstenester før jul, men kan også leie nokre gravferder.

Eva Kristin Dale Wessman, både oppvaksen på Frekhaug og busett med familien på Frekhaug, har starta eit løp for å bli prest. Ho skal ha prestapraksis i periodar i haust her i Meland. Og frå nyttår vert ho vikar i 80 % stilling ved sida av å vere prestestudent.

Vel møtt til dei velkjende vikarane!



Ruben Sæle og Eva Kristin Dale Wessman på det nye kyrkjekontoret.

Frå kyrkjebenken

«Å bygge fellesskap på ein stille måte»

Foto. Turid S. Tvedt

- Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden

Eg er fødd og oppvaksen på Myking. Så i denne kyrkja er eg både døypt, konfirmert og vigd.

Eg begynte i Myking barnekor då eg gjekk i 4.klasse og var med til eg hadde gått eit halvt år på ungdomsskulen. Me flytta som familie tilbake til Myking i 1990. Då var det naturleg for oss å vera aktive i kyrkjelyden. For tida er eg med i Kyrkjelydsutvalet.

- Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden vår?

Det er ikkje så stor forsamling, men veldig gode folk. Eg trur det er lurt å ikkje hengja seg opp i at ein er få, men kunna ha det godt saman. Kjenner på mykje omsorg frå folk, og det har blitt endå meir av det etter at fleire av oss møtest på Fellesskapskveld annankvar måndag i sakristiet.

Det er også fint at me har begynt å tenkja at me er eitt sokn og at det difor kjem folk frå Lindås og Hundvin på gudsteneste her. Så sjølv om det er sjeldan gudsteneste her på Myking, kan me gå i dei andre kyrkjene elles. Og så har me Ole Marton då. Han er ein inkluderande og fin prest som me er veldig glade i.

- Korleis vil du skildra kyrkja?

Før tenkte eg ofte at det var litt kjedeleg i kyrkja med så mykje liturgi. At det var for lite fritt og spontant. Med tida likar eg det betre og betre. I ei verd der alt er i endring er det godt at noko står fast til evig tid. Eg håpar og trur at det av den grunn også kan vera lettare for folk å stikka innom når ein veit kva som kjem. Og så likar eg godt å syngja i kyrkja vår som har så god akustikk. Herleg å ta litt i under salmesongen.

- Kva salme syng du gjerne for tida?

Eg veit ikkje kor mykje eg har sunge i det siste, men eg kjem stadig tilbake til «Blott en dag» Det å ta ein dag om gongen og at Gud er med oss alle dagar og alle slags dagar. Og som



Bustad: Namn: Anita Gjerde Økland

Alder: 58 år

Bustad: Myking

Yrke: Vernepleiar i Alver kommune

dagen er skal styrken vera. Dette er det godt å leva i.

- Kva kjenneteiknar ein god kyrkjecaffi?

God stemning, god mat og drikke(dette er me gode på på Myking) Og ikkje minst god prat, få helsa på nokon du ikkje kjenner eller ikkje har sett på lenge. Gje, og få gode klemmar.

Knarvik Blomsterstove 
Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomsterstove.no

HEDER NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ Ditt lokale gravferdsbyrå

ALLTID HÉR FOR deg

DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkevegen 1 Havnevegen 31 Elvavegen 1
Alversund Frekhaug Dalekvam

VATNE begravelsesbyrå DAHLS

Tlf: 56 35 09 10 (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø
vatne-byra.no



Hurra for Kristenretten!

Tekst: Kjersti Toppe · Foto: Helge Nelson

Statsråd Kjersti Toppe frå Toppe i Åsane er regjeringa sin barne- og familieminister, men òg minister for tru og livssyn. Ved den store markeringa av Hamre som kyrkjestad gjennom 1000 år, deltok ho m.a. som tekstlesar i festgudstenesta i Hamre kyrkje.

Ho har også skrive desse personlege tankane rundt Kristenretten, eksklusivt for kyrkjeblada våre i Nordhordland.

Nyttårsaftan i fjor var vi på ei familiehytte i Stordalen. Då klokka hadde bikka midnatt, ønska eg alle godt nytt år. Så spurte eg ungdommane om dei visste kva som var det viktigaste i 2024. Nei, det visste dei ikkje. Då er det 1000 år sidan innføring av Kristenretten, svara eg med eit smil. Eg er absolutt ingen historikar. Men eg meiner at vi alle må kjenne til vår eiga historie, og spesielt det som skjedde på Moster i 1024.

Det som hende på Moster for 1000 år sidan har hatt stor verknad for Norge. Det har hatt stor verknad for nasjonsbygginga, for vår demokratiske utvikling og for utvikling av den norske kyrkja. Med innføring av kristenretten gjekk Noreg frå å vere eit maktsamfunn, til eit rettssamfunn. Viktige prinsipp blei innført om at noko faktisk er rett eller gale, uavhengig av maktposisjonen din i samfunnet. Alle menneske har like stor verdi. Kvinner og barn fekk betre rettar. Det vart slutt på ordninga med å bere ut vanskapte spedbarn i skogen for å la dei døy.

Kristenretten var ei radikal omvelting i 1024. Den blei også starten på ei storstilt kyrkjebygging over heile landet. Kyrkjene som blei bygd, skulle vere for alle. Ein starta også å gravleggje alle menneske side om side på kyrkjegården. Tusen år etter – i 2024 – set Regjeringa i gang med eit nytt kyrkjebevaringsprogram. Det skjer etter delinga av Opplysningsvesenets fond, og etablering av eit eige kyrkjebevaringsfond. Staten planlegg å bruke om lag 10 mrd. kroner dei neste 20-30 åra til å hjelpe kommunane med å restaurere om lag 1000 kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg over heile landet. Det blir bra!

Hendinga på Moster i 1024 var ikkje berre starten på

innføring av kristenretten, det var og nedsetjinga av kva verdiar som gjaldt på den tida. Det markerte byringa på ei ny tid, med auka menneskelege omsyn og rettsvern for individet. Reglane omhandla ulike aspekt ved kyrkjhald. Dei sa at barn skulle døypast, ekteskap skulle vere monogame, gravferd skulle skje i vigsla jord og det blei innført høgtidsdagar og søndagen skulle haldast heilag. Tenk på det, at søndagen har overlevd i tusen år som ein ansleisdag. Ein kviledag som skal haldast heilag. Håpar verkeleg at det vil vere i 1000 år til!

Overskrifta på jubileet på Moster i juni var «å feire fortid, forme framtid». Jubileet var eit fint høve til å reflektere over det viktige som skjedde for tusen år sidan. Samtidig blei vi utfordra på å sjå framover. Kva verdiar skal vi bygge samfunnet vårt på i framtida?

Eg tenkjer at menneskelege omsyn, menneskeverdet og svake grupper sine rettar er viktige verdiar å kjempe for også i dag. Menneskeverdet blir stadig sett på prøve, både ved livets start og ved livets slutt. Likeverd og fellesskap er viktige verdiar å hegne om i eit samfunn der utanforskap og aukande ungdomskriminalitet er ei stor samfunnsutfordring.

I ei uroleg verd med aukande uthyggethet, er det ekstra viktig



Statsråd Kjersti Toppe var tekstlesar ved den store jubileumsgudstenesta for Hamre som kyrkjestad i 1000 år. Ved altaret: prost i Åsane, Leif Endre Grutle.

EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE

Torvhusmyrane 6
Nordhordland Næringspark
5913 Eikangervåg

Tlf: 56 34 24 30
E-post: post@helland-elektro.no
www.helland-elektro.no
Foretakregisteret: NO 986 751 718 MVA

SIKRINGEN
- din elektriker

å vite kor vi kjem frå, og reflektere over kva verdiar som bør forme vårt samfunn. Kva kan vi lære av dei som har levd før oss, og det dei gjorde av djerve grep for å sikre eit samfunn med sterke fellesskap, med demokrati og rettstryggleik for individet. Spesielt må vi lytte til kva verdiar ungdommen i dag meiner er viktige i vårt moderne samfunn med meir mangfald.

I 2024 og i åra framover vil det vere fleire jubileum som markerer Noregs historie og kultur. Før jubileumshelga på Moster i juni, var det jubileum for kyrkjestaden på Hamre. Hamre blei for 1000 år sidan utpeika av kongen

til å vere kyrkjestaden for området frå Fanafjorden til Sognefjorden. Ikkje så vanskeleg å forstå, vil dei sjølv sagt seie på Osterøy. I slutten av august er det jubileumsfeiring for Gulatingset i høve Nasjonaljubileet Norge i tusen år og Landslovjubileet 750 år.

For oss som likar 1000-års feiringar med historisk sus, kan vi no gle oss til 2030. Då er året kome for det store Nasjonaljubileet. Då er det 1000 år sidan slaget på Stiklestad -nok ei viktig og symbolsterk hending for riksdenninga og kristninga av heile Noreg.

Hamre – 1000 år som kyrkjestad

Tekst og foto: Øystein Skauge

Det gjev grunn til djup ettertanke at vi dette året kan kjenne at våre historiske røter i bygdene i Nordhordland og Alver har funne næring i kristen og kyrkjeleg jord så lenge. Jubileumsåret 2024 har hatt mykje fokus på Kristenretten på Moster frå 1024, og på Magnus Lagabøte si landslov frå 1274.

Men feiringa av Hamre som kyrkjestad gjennom 1000 år har også ein stor plass mellom oss frå Nordhordland.

Hamre kyrkje, slik den står i dag, er frå 1622. Men lenge før stod det kyrkje der i bygda.

Kristoffer Foldøy har skrive ein nettartikkel (<https://hamre1000.no/historie>) om historia for kyrkjestaden Hamre. I artikkelen tek han oss med tilbake til året 1024 då kong Olav Haraldsson (Olav den heilage) «-bestemte at Hamre skulle vera kyrkjestad for hovudkyrkja i Nordhordland. For han hadde segla forbi og sett den gamle møteplassen i fjordsystemet, som var samlingspunkt også lenge før den første kyrkja vart reist. For alt vi veit la han til land her også.

Ferda hans vidare gjekk gjennom Hagelsundet nordover langs hovudleia»

Den første kyrkja var ei enkel

stavkyrkje. Seinare, på 1100-talet, kom ei større stavkyrkje som stod der til den noverande kyrkja stod ferdig i 1622.

Alle som går inn i kyrkja i dag, ser at dette er eit historisk smykke, nesten utan sidestykke på våre kantar.

I det store jubileumsåret 2024 var det difor med god grunn at 1000-årsfeiringa av Hamre som kyrkjestad vart markert dagane 23. - 26. mai i år.

Jubileumsgudstenesta var ved biskop Ragnhild Jebsen, saman med prosten i Åsane og lokale prestar frå Osterøy. Regjeringa var representert ved trus- og livssynsminister Kjersti Toppe frå Åsane.

Til jubileet var det mange som kom til Hamre sjøvegen. Nokre med veteranbåtar frå Bergen.

Andre, frå nordsida av fjorden, kom til jubileet på gamlemåten, med robåt. Fleire karar rodde frå Knarvik til Hamre denne vakre søndagen. Slik vart det markert at Hamre kyrkje i mange år var den reelle hovudkyrkja



Hamre kyrkje - eit historisk smykke.

for Nordhordland. I nyare tid låg Hamre, og dei andre sokna på Osterøy, under Nordhordland prosti. Men frå 1.mars 2014 vart Hamre og resten av Osterøy flytta til det som den gongen heitte Arna og Åsane prosti. I dag heiter det Åsane prosti.

PRESTEN PÅ PRIVATEN



NAMN: TONE MARIT ØVRETVEIT DYRKOLBOTN

ALDER: 33

SIVILSTAND: Gift med Anna

BARN: Johan (snart 2), ei jente på veg

JOBB: Spesialprest for barn
og unge i Knarvik sokn



– KOM INN!: Flott velkomst då Kyrkjekontaktens utsende banka på hos Tone Marit. Johan (snart 2) har fri frå barnehagen denne dagen.

– Velkommen til småbarnskaos

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

– Berre stig på. Her er litt kaos, men eg trur det skal gå bra, seier ei smilande Tone Marit når ho opnar døra – med vesle Johan på armen.

Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn er neste person ut i serien Presten På Privaten. Saman med ektefelle Anna Øvretveit Dyrkolbotn – og deira sjarmtroll Johan på snart to år – bur ho i eit av dei første husa som vart bygd i Knarvik, med ei praktfull utsikt over bygdebyen og fjorden.

– Rett på sak: Kva driv du helst med på privaten?

– Eg trur samlebegrepet «putla på» er dekkande for mykje av det eg likar å halde på med – både ute og inne. For eksempel er det kjekt å rydde i skogkrattet utanfor huset, i garasjen og andre plassar, gjerne med ei god lydbok på øyret.

– Og då høyrer du helst på?

– Litt forskjellig. Nett no er det Sidsel Wolds «Landet som lovet alt», før det var det Frode Grytten si bok «Den dagen

Nils Vik døde». Det er avslappende og effektivt å gjøre fleire ting samtidig.

God på planlegging

– Du likar å ha struktur på kvardagen?

– Ja, eg synest det er viktig og kjekt å lage gode planar og halde på med ulike prosjekt. Vi likar å halda på med ting, vera i aktivitet. Eg er nok litt utålmodig av meg, men vi er gode på samarbeid og utfyller kvarandre godt, Anna og eg, og så er me glade i kalenderar, smiler ho.

– Er du så strukturert at de handlar inn matvarer for ei veke om gongen også?

– Ja, det prøver vi faktisk på. Det sklir litt ut no og då sjølvsgatt, men ved hjelp av appen «Sulten» er det både enkelt og smart å foreta planlagte innkjøp – så vi får det til innimellom.

– Kva gjer du når du skal kople heilt av?

– Eg verdset høgt å vere ilag med familie og vener, ta ein kopp kaffe og la praten gå. Både Anna og eg likar å invitere folk heim til oss, nettopp for å dyrke denne forma for avkopling.

Spelar poker kvar månad

Og så avslører Tone Marit at ho spelar poker!

– Vi er ein veninnegjeng heilt tilbake frå vidaregåande som samlast til pokerkveld heime hjå kvarandre ein gong i månaden. Det har vi gjort i mange år. Men la det vere sagt med ein gong: Vi spelar ikkje om pengar, kun med sjetongar! Den som vinn, får ein liten premie av den som er vertinna den aktuelle kvelden.

– Kvifor poker av alle ting?

– Det vart berre slik den gongen, kanskje var det konkuransen og spenninga – og at det var litt artig? Men hadde nokon sett oss spele, ville dei nok sagt at seansen inneheld mest prating. Nesten alle har mindreårige barn, så samtaleemnet seier seg sjølv, seier ein lattermild Tone Marit.

Namnet på pokerlauget er forresten Bergen og Nordhordland Pokerlaug, sidan nokre bur i Bergen og tre her i Nordhordland.

Politikaren Tone Marit



FLOTT UTSIKT: Frå eit av dei store vindauge i stova kan Tone Marit nyte den storslakte utsikta over deler av Knarvik og fjorden.

– Andre ting som opptar deg på fritida?

– Egerinnvaldi kommunestyret for Ap og sit i levekårsutvalet. Det er skikkeleg kjekt å lære meir om kommunen på den måten og forhåpentleg få vere med å forme litt av framtida. Nett no er det store saker på dagsorden, med mellom anna barnehage- og skulebruksplan. Store og viktige saker som eg handsamar med stor respekt.

– Kor mykje tid tek politikken?

– Eg har rekna litt på det. Tidsmessig blir det i snitt som å gå på fotballtrening ein gong i veka. Møta i kommunestyret og levekårsutvalet er på dagtid, men både prosten og Bjørgvin bispedøme har lagt til rette for at det ikkje kolliderer med jobben min. Dei synest det er bra at eg engasjerer meg i lokalpolitikken.

På fritida elles er hytta i Dyrkolbotn brukt hyppig av familien – når tid og anledning byr seg.

– Blåbærsesongen rundt hytta har vore veldig god i år, så det har vi nytta oss godt av.

Familieuke i desember

Foreldra til Anna bur vegg i vegg i same bygget som den vesle familien i Kvernhushaugane, Tone Marit si bestemor i leilighet i kjellaren, og Tone Marit sine foreldre og brør bur i Austrheim. Nærleiken til familien er til stor glede for den vesle familien på tre – som snart skal bli til fire. Anna skal nemleg føde deira andre barn i desember.

– Vi gler oss stort. Og Johan gler seg til å bli storbror!

Torsvik Elektro AS er total-leverandør av elektroinstallasjoner i Alver

Vi utfører:

- Bolig og industri • Alarm
- Billadere • Adgangskontroll
- Tele/data-nettverk •
- Automatisering •
- Godkjent for kontroll av el. anlegg

Torsvik Elektro AS / Lager: Olsvollstranda
Tlf: 56 38 50 00 / www.torsvik.no / post@torsvik.no

KVALITETSBEVISST – LØSNINGSORIENTERT – SAMARBEIDSVILLIG

Torsvik
ELEKTRO

ByggTeam VEST AS

Alt innan tømrarfaget!

Foreininga Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter

Tekst og foto: Torbjørn Sæle

Tysdag 28. mai 2024 vart foreininga Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter skipa med utsendingar frå alle kyrkjesokna i Nordhordland til stades i fjellkyrkja i Masfjorden. I praksis held drifta fram som før, og nye og gamle brukarar vert oppmoda til å nytta og støtta fjellkyrkja.

Masfjorden sokn er framleis eigar av fjellkyrkja, medan drifta vert leia av foreininga sitt styre med Anne Kristin Rafoss som vald leiar. Fjellkyrkja har ingen tilsette og vert drifta på dugnad. Foreininga søker registrering i Brønnøysundregistra for å få eige organisasjonsnummer. Styret har i fleire år leia arbeidet fram mot skipinga av foreininga, og eit godt og grundig arbeid leia an av Knut Fredrik Sørheim, har no resultert i organisasjonsforma foreining.

Fjellkyrkja har sidan vigslinga i 1987 vore nytta til gudstenester, leirar og andre samlingar som stabsturar, sommaravslutningar, styremøte, konfirmasjonsfestar, bursdagar, jubileum og filminnspeling m.m. Den siste tida har også fleire oppdaga Fjon som ein god plass å samla storfamilien eller nokre venefamiliar i lag. For bruk i helgene kan det vera lurt å bestilla i god tid.

Du kan vera med å støtta Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter ved å

- bruka fjellkyrkja
- tipsa andre om å bruka fjellkyrkja
- delta på dugnad, olsokfeiring og andre arrangement
- be for arbeidet, staden og styret
- ha ei innsamling, gje ei gave, Grasrotandel eller verta fast gjevar

Kontonummeret til Fjon fjellkyrkje er 3635.50.14732.

Oppussing av dusjar

I juni 2024 vert det starta med ei etter lengta oppgradering av dusj- og garderobebeanlegga i kjellaren med mål om å få



på plass nye, separate dusjrom. Dette er kostbart arbeid i fleire byggjetrinn og fjellkyrkja er svært takksam alle gåver frå kyrkjelyder, enkelpersonar, lag og næringsliv.

Dugnad

Det er stadig behov for dugnad, vask, maling og vedlikehald, både ute inne. Nokre dagar/helger samlast fleire for større dugnadsarbeid. Ta kontakt med Arve Husa, mobil 48 09 57 30 om du kan ha høve til å ta i eit tak.

Informasjon og vedtekter

Meir om fjellkyrkja, bookingkalender m.m. finn de på nettsida www.fjonfjellkyrkje.no

Følg gjerne også «Fjon fjellkyrkje» på Facebook.



RISNES
ELEKTRO AS

Elinstallatør · tlf. 56349620



AMFI
KNARVIK

KULTURKALENDER

24. september

Knarvik kyrkje kl. 19.30

Salmekveld med Alversund kammerkor.

30. september

Knarvik kyrkje kl. 18

Markusevangeliet minutt for minutt.

1. oktober

Tysdagstreff, Sæbø kyrkje kl 19:00

Magnar Kartveit: Gud, pest og plage
Om dei vanskelege Bibeltekstane som kolliderer med synet på ein nådig og kjærleg Gud. Magnar Kartveit er professor i Det gamle testamentet.

3. oktober

Lindås kyrkje kl. 19.00

“Saman i songen”. Songkveld - allsong, intervju, tema, solistar. Arr: Lindås sokneråd

5. oktober

Kyrkjekjellaren i Knarvik kyrkje kl. 19.30

Konsert med Vibeke B. Midttun, Ove I. B. Danielsen, Sølv Hopland, Stine Karin Sæle m.fl. Arr.: Plateselskapet Gilead. Gratis inngang. Kollekt.

20. oktober

Knarvik kyrkje kl. 18

Jubileumskonsert Knarvik Gospel.

23. oktober

Lindås kyrkje kl. 19.00

Salmekveld. Lindås pensjonistlag og soknepresten

27. oktober

Festgudsteneste, Manger kyrkje kl 12

Fylkesordførar Jon Askeland i samtal om 1000-års-jubileet for Kristenretten og 750-års-jubileet for Magnus Lagabøtes landslov.

2. november

Knarvik kyrkje kl. 11-16

NMS misjonsmesse. Kl. 11: Misjonsmøte. Kl. 12: Salsmesse med flotte handarbeid og mat. Kafé, lotteri og barneaktivitetar.

30. november

Knarvik kyrkje 10 år - jubileumslaurdag

Kl. 12-13: Seminar med kunsthistorikar Gunnar Danbolt: Altertavla i Knarvik kyrkje. Kl. 13-15: Basar, kafé, barnekor m.m.

1. desember

Knarvik kyrkje kl. 11

Jubileumsgudsteneste med bursdagsbesøk og kyrkjekaffi.

Neste nummer kjem frå trykkeriet 27. november. Frist for å melde frå om arrangement til kulturkalenderen er 23. oktober.



De som var med på turen var Maria, Alida, Alexandra og Isabella. Voksenledere var Solveig Westermoen og Cathrine Grutle.

Vi deltok på choral Evensong, med klassisk kirkekor, tekstlesninger og orgelbrus. Denne falt i smak hos alle jentene.

Vi avsluttet dagen med musikalen Les Miserables. En intens fortelling om kjærlighet, menneskeverd, synd, skyld og nåde. Skjebnene til Fontaine, Valjean, Javert, Cosette, Eponine, Marius med flere, gjorde inntrykk på oss som satt i salen.

Den siste dagen reiste vi på besøk til Sjømannskirka i London og møtte prest og daglig leder Dag Magnus Hopstock Havgar. Han fortalte om sjømannskirkas opprinnelse, hvordan de jobber konkret i London og viste oss rundt i bygget.

Innimellan alle disse postene var det gode måltider med fine samtaler, kafebesøk, sightseeing og litt shopping. Disse lederne er bra folk som har gjort en god innsats gjennom året i menighetene våre og det var et privilegium å få være med dem på studietur.

Ledertur til London

Tekst og foto: Cathrine Grutle

De ulike soknene i Alver har dette året samarbeidet om å lage et lederkurs for fjarårskonfirmantene våre. Det har vært en spennende prosess med mange deltakere.

Det var ikke alle som kunne være med på studietur til London, men i midten av juni reiste fire ferdig utdannede ungdomsledere fra Lindås og Knarvik på tur. Gjennom året som har gått har de hatt undervisningssamlinger flere steder i prostiet, deltatt som ledere på Lys Våken og Tårnagent og samlet inn penger for å reise på studietur. De har fått øve seg som ledere på mange ulike arenaer.

I forkant av reisen ble det lagt opp til et stramt program med mange poster. Vi startet med The Royal Walk som førte oss forbi mange kjente og noen litt ukjente landemerker. Her fikk vi et godt innblikk i engelsk historie.

På ettermiddagen reiste vi til Holy Trinity Brompton for å være med på gudstjeneste der. Denne kirken er en del av den karismatiske fløyen i Church of England. Det var mange som ønsket oss velkommen da vi kom og hjalp oss å finne frem i kirken. Gudstjenesten var preget av mye lovsang, band og sangtekster på skjerm, en god preken og forbønn. Jentene var enige om at denne gudstjenesten var veldig forskjellig fra gudstjenesten her hjemme, men den var slett ikke verst.


Dagen etterpå startet vi på Madame Tussauds museum og vi gikk rundt sammen med stjernene som var samlet der. Denne dagens gudstjeneste var i St. Pauls Cathedral.



Barnas



Fargelegg!



Slik såg Johannes for seg den nye himmel og den nye jord.


Teikning: Kari Sortland

Vitsar

– Kelner!
Fluga i suppa mobbar meg!
– Ja. Det er ei ertesuppe.

– Hunden min har lært seg å snakke!
Det er helt sant!
– Eg veit det. Bikkja mi fortalte det i går.

Prikk til prikk



Teikn ein strek få 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?

Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



Finn fem feil

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila i biletet under?



Teikning: Alessandro Coppola og Salvatore Callerami



Søndagsskolen – mer enn du tror

FRÅ MISJONSUTVALET:

Til Japan att - med vemod og glede

Tekst og foto: Åshild Bjørkum Furukawa, misjonær i Japan i 40 år, no pensjonist på Frekhaug.

Dei siste gongene eg har vore i Japan har det vore private turar utan nokon avtale med NMS eller kyrkja ute. Men det er to ting som har vore viktige for meg, og det eine er å oppsøkja gamle kontaktar og vener ulike stader.

Det kan vera sårt å møta att folk i den situasjonen dei er i no. Eg har vorte gamal, og dei har vorte gamle. Og det betyr ikkje det same. Ei som var sengjeliggjande og utan nokon som besøkte henne, er no borte. Ei som fekk parkinson, hjelpelaus og sitjande i ein rullestol, var også borte. Ei veninne som stelte sin demente mann, oppdaga at han



Ein mann vert teken opp som medlem i kyrkja av presten Tabata.

Eg ser at mange av dei strevar. Ein av grunnane verkar svært uskuldig. Dei går med munnbind, framleis. Styresmaktene har sagt at det ikkje er pålagt å bruka munnbind lengre. Den coviden som framleis er, skal dei sjå på som ein vanleg influensa. Folk får velja sjølv. I stappfulle tog i rushtida, kan det vera lurt, og i institusjonar for gamle folk bør ein bruka munnbind, men elles er det greitt å la vera. I dei fleste kyrkjene har dei bestemt at munnbind skal vera obligatorisk, - for det er jo mange gamle i kyrkja! Dei set òg stolane langt frå kvarandre, og sløyfer kyrkje-teen etter gudstenesta. Dette gjer noko med fellesskapet, som er så viktig, spesielt for japanske kristne som ofte ikkje har kristne vener utanfor kyrkjelyden.

Eg hadde hatt med litt kjeks ein søndag som kunne høva å ha til å ha til kyrkje- teen. Dei fleste var på veg heim etter gudstenesta, då nokon la merke til «gåva» og foreslo at dei kunne selja den saman med andre småting dei hadde, for å spe på økonomien. Men då var det andre som foreslo at me kunne ha kyrkje- likevel. Det var så lenge sidan! Det vart ei flott og god stund rundt bordet med dei 6-8 som var att, dei fekk dela litt av sin frustrasjon, kom med mange gode innspel, og fekk oppmuntra kvarandre. Det var så viktig!

For eit par år sidan vart NMS som juridisk organisasjon i Japan avvikla. Det var ingen misjonærar att. Di større glede var det å høyra at det endå er unge folk som vil bruka livet sitt som misjonærar i Japan, og har meldt seg til teneste! Dei er i full sving med å førebu seg, først og fremst ved å læra språket, men og ved å læra kulturen og folket å kjenna. Og Kinkikyrkja førebur seg på å ta i mot dei på beste måte. Det er eit stort takke-emne. Og både dei unge og kyrkja treng vår forbøn!



Framleis munnbind og avstand. Senboku kyrkja.

hadde gått ut under hetebølgja no i sommar. Dei fann han død

.....og alle dei andre..... Før i tida var det slik at når nokon døydde sende dei melding til alle i nabolaget, og kvinnene som var heime stilte opp og ordna med alt det praktiske, som kokking og servering i gravferd. No er det ofte slik at ingen veit noko før gravferda er over. Samhaldet i nabolaget er ikkje som før, og familien er ofte langt borte.

Det andre som har vore viktig for meg er å vera til stades ved gudstenester i fleire kyrkjer der eg er kjent frå før.

Egil Hovland 100 år

Musikkandakt onsdag 16. oktober kl. 19.00 i Meland kyrkje

Tekst: Magnus Blom

Foto: Fredrikstad blad


Den 16. oktober blir det salmekveld i Meland kyrkje. Vi kommer da til å synge salmer, og få høre orgelverk og pianomusikk av Egil Hovland.

Han er mest kjent for salmen Måne og sol (tekst av Britt G. Hallqvist), men i Norsk Salmebok er han representert med en rekke andre melodier. Også den svenske salmeboken inneholder mange av Hovland sine salmer.

I tillegg til sitt virke som kirkemusiker i Fredrikstad gjorde Egil Hovland en betydelig innsats med det liturgiske revisjonsarbeidet i Den norske kirke, og han var i sin levetid en sentral person i Norges kirkemusikkaliske liv.

Egil Hovland ble født 18. oktober 1924 på Mysen. Han studerte først ved Musikkonservatoriet i Oslo, og fortsatte siden å studere komposisjon for m.a. Aron Copland (Tanglewood, USA) og Luigi Dallapiccola (Firenze, Italia)

Hovland regnes for å være en av Norges mest produktive samtidskomponister. Blant hans komposisjoner finner vi symfoniske verk, kammermusikk, korverk, solokonserter, opera og fremfor alt kirkemusikk.



MUSIKKANDAKTER I MELAND KYRKJE KL. 1900:

25.september: Elisabeth Blom, trompet og Magnus Blom, orgel og piano.

16 oktober. Salmekveld med musikk av Egil Hovland.

13 november. Lise Herland, obo og Magnus Blom, orgel og piano.

4 desember. Salmekveld

Specsavers®
OPTIKER I KNARVIK
-Bestill synsprøve nå!
RING 56 35 14 66

Tankestrek

Av Anne Sofie Nergård Uthaug

Har du reist rundt i Vest-Europa? Har du lagt merke til at det stikk opp kyrkjetårn fra så å seie alle byar og landsbyar? Det er vel av dei mest synlege teikna på at Europa har sterke kristne røter.

Vårt sentrum her i Meland har ikkje noko kyrkje eller kyrkjetårn, og det er det også historiske grunnar til: at Melandkyrkja ligg på den gamle kyrkjestaden frå mellomalderen, at nordre deler av Holsnøy lenge hørde til Herdla og søndre deler til Hamre. Og at Frekhaug er ganske nytt som sentrum, og kommunen har enno ikkje klart å prioritere kyrkje framfor andre behov.

Men som du ser av foto nedanfor og på framsida, har kyrkja i Meland har fått ei god plassering med sine nye lokale i sentrum, ein etasje over gateplan. Vi som har vår arbeidsplass her er glade for og forventningsfulle til dei nye lokalra vi har no. Og vi vil gjerne at mange vil ta turen, av rein nysgjerrigkeit eller av interesse for å bli med på noko som skjer der.

Vi vil gjerne at visjonen til Meland kyrkjelyd; Nær Gud – nær menneske, skal merkast i Frekhaug senter.

Gud er ikkje avhengig av kyrkjebygg eller kyrkjetårn, som Paulus sa til folk i Athen for 2000 år sidan, «for det er i han vi lever og rører oss og er til» (Apostelgjerningane kap. 17.28). Men vi menneske treng plassar å kome nærmare kvarandre, og nokre gonger hjelpe kvarandre til å søke Gud. Det ligg det betre til rette for no – på Frekhaug senter.



Foto: Frekhaug senter sett frå Kyrkjetoget



DEN NORSKE KYRKJA
Meland kyrkjelyd

Besøks- og postadresse kontor og Møteplassen: Havnevegen 31, 5918 Frekhaug.

Opningstid:
Kontoret på Frekhaug er til vanleg bemanna man-fre kl. 10-15.
Ta gjerne kontakt for avtale.

Telefon: 4000 1691
kvar dag kl 10.00 – 14.00.
post.meland@kyrkja.no
www.melandkyrkja.no

Facebookside: Meland kyrkjelyd

Kontonummer: 3632 07 04019

Vipps: 59301
Hugs å merka kva betalinga gjeld.



Følg oss på Facebook:
[@melandkyrkja](https://www.facebook.com/melandkyrkja)

Alver kyrkjelege fellesråd
Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø
post.alver@kyrkja.no
www.kyrkja.no/alver

Leiar i fellesrådet: Sølvi Knudsen

Kontakt

Utgjevar: Soknerådet i
Meland sokn, i samarbeid med
Osterfjorden sokn, Mo sokn,
Knarvik sokn, Radøy sokn og
Lindås sokn.

Redaktør: Øystein Skauge

Lokal redaksjon: Solveig
Westermoen, Anne Sofie N.
Uthaug

Grafisk design: Simen Søvik

Trykk: Aksell

Framsidebilete: Frå venstre: Per
Arne Traa, soknerådsleiar, Bjørn
Tore Sæle, sokneprest, Anne Marit
Fosse Dahle, kyrkjelydspedagog
og Ruben Sæle, diakon ønskjer
velkommen inn på Kyrkjetoget.
Foto: Anne Sofie N. Uthaug



Helge Taranrød
Prost
ht759@kirken.no



John Fredrik Wallace
Kyrkjeleverje
jw734@kyrkja.no



Bjørn Tore Sæle
Sokneprest - 450 35 084
bs694@kyrkja.no



Anne Sofie Nergård Uthaug
Dagleg leiar - 404 62 647
au887@kyrkja.no



Anne Marit Fosse Dahle
Kyrkjelydspedagog - 400 01 691
ad423@kyrkja.no



Gyda Matland
Administrasjonssekretær
400 01 691 · gm663@kyrkja.no



Magnus Blom
Kyrkjemusikar - 458 60 571
mb297@kyrkja.no



Mounir Sarhan
Kyrkjeterar - 471 91 961



Ruben Sæle
Diakon med ungdomsfokus
400 01 691 - rs433@kyrkja.no



Per Arne Traa
Soknerådsleiar - 415 59 121
perarnetraa@gmail.com

GUDSTENESTEKALENDER



Meland

22.09.2024 11:00
Gudsteneste med nattverd
v. Rune Minde
18. sundag i treeiningstida

29.09.2024 11:00
Sprell Levande gudsteneste
Utdeling av 4-årsbok,
Levande Lys
v. Bjørn Tore Sæle og Eva
Kristin Dale Wessman
19. sundag i treeiningstida

06.10.2024 11:00
Gudsteneste med nattverd
v. Bjørn Tore Sæle og Eva
Kristin Dale Wessman
20. sundag i treeiningstida

13.10.2024 11:00
Gudsteneste med nattverd
v. Bjørn Tore Sæle og Eva
Kristin Dale Wessman
21. sundag i treeiningstida

16.10.2024 19:00
Musikkandakt

20.10.2024 11:00
Søndagsåpent med
nattverd
v. Rune Minde
22. sundag i treeiningstida

27.10.2024 11:00
Gudsteneste med nattverd
v. Bjørn Tore Sæle
Bots- og bededag

03.11.2024 11:00
Lys Våken-gudsteneste med
nattverd
v. Bjørn Tore Sæle
Helgemessesundag

03.11.2024 19:00
Minnegudsteneste
v. Bjørn Tore Sæle og
Ruben Sæle
Helgemessesundag

10.11.2024 11:00
Gudsteneste med nattverd
v. Helge Tararød
25. sundag i treeiningstida

13.11.2024 19:00
Musikkandakt

17.11.2024 11:00
Gudsteneste med nattverd
og misjonsfokus
v. Bjørn Tore Sæle
26. sundag i treeiningstida

24.11.2024 11:00
Gudsteneste med nattverd
v. Helge Tararød
Siste sundag i kyrkjeåret

01.12.2024 19:30
Lysmesse
v. Bjørn Tore Sæle m.fl.
sundag i adventstida

Misjonsfest

Frekhaug Bedehus 22.sept. kl. 18.00 .
Tale og misjonsinformasjon v. misjonsprest John
Steinar Dahle.
Musikk og song v Nordhordlandkoret og
hornorkesteret SKALA
Misjonsoffer
Kveldsomat
Arr: Frekhaug misjonsforening, NMS.

Slekters gang

Dåp i Meland sokn

28.04.2024 Leo Granbakk-Husebø
28.04.2024 Sofia Rydland Aarland
12.05.2024 Lilly Vågenes (Knarvik kyrkje)
12.05.2024 Amund Veland Nygård
12.05.2024 Maricken Danielsen-Mittet
26.05.2024 Elias Øvrås Nygård
26.05.2024 Josefine Hansen Brakstad
26.05.2024 Emilie Oldeide Mørner
16.06.2024 Ida Ålandsvik
16.06.2024 Malvin Færøy-Hjertås
23.06.2024 Emil Iden
07.07.2024 Marielle Fuglseth
14.07.2024 Josefine Rutle Ruskedal
04.08.2024 Julian Namdal Steinhoff

Gravferder i Meland

03.05.2024 Signe Marheim
14.05.2024 Anne Lise Meland
31.05.2024 Haakon Gunnar Aase
11.06.2024 Sigmund Bjørkheim
11.06.2024 Gunvor Reidunn Fløholm
20.06.2024 Rigmor Margrete Sagstad
25.06.2024 Kari Jorun Sagstad
28.06.2024 Inge Eggen
02.07.2024 Bjørnar Fløysand
12.07.2024 Jakob Hilmar Skurtveit
12.07.2024 Terje Andreas Birkeli
30.07.2024 Kristi Johanne Skurtveit
09.08.2024 Ivar Kåre Steinestø
16.08.2024 Torbjørn Lerøen